



Haugaland Interkommunale Miljøverk

5574 SKJOLD

Toraneset Miljøpark, Vindafjord kommune - Oversending av løyve til deponi

Fylkesmannen oversender nytt løyve for deponiet ved Toraneset Miljøpark fastsett i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 9. Løyvet erstattar kapittel C i utsleppsløyvet av 09.02.2000. Løyvet stiller strengare krav til drift av deponiet.

Vi syner til revidert søknad av 22.02.05 frå dåverande Toraneset Miljøverk IKS om nytt utsleppsløyve for deponiet ved Toraneset Miljøpark, og øvrige opplysingar framkomne under sakshandsaminga.

Fylkesmannen i Rogaland har nå slutthandsama søknaden og har funne at løyve på visse vilkår kan gis. Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova §§ 11, 16 og 29, jf også forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 9, § 9-7. Løyvet gjeld frå dags dato.

Løyvet erstattar kapittel C i Fylkesmannen sitt utsleppsløyve for Toraneset renovasjonsplass av 09.02.2000 og utsleppsløyve for mottak og deponering av spesialavfall av 29.05.01 med seinare endring, med heimel i forureiningslova § 18.

Dei tilhøva som er vurdert å ha størst miljømessige konsekvensar er regulert i løyvet. Endringar i løyvet skal gjerast skriftleg. Verksemda kan ikkje overdrast til nye eigarar utan skriftleg førehandsgodkjenning av Fylkesmannen. Eigarskifte kan utløysa endringar i løyvet i samsvar med forureiningslova § 18.

Fylkesmannen gjer merksam på at sjølv om visse forureiningsverknader må påreknast som følgje av dei utsleppa løyvet gir høve til, er ikkje Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) med det friteke for plikt til å betala erstatning eller vederlag etter granelova, jf forureiningslova § 56.

Vi gjer vidare merksam på at unnlating av å overhalda utsleppsvilkåra er straffbart etter forureiningslova og straffelova.

1. Bakgrunn for saka

Fylkesmannen ga 10.04.81 utsleppsløyve til Vindafjord kommune for interkommunal fyllplass på Toraneset. Avfallsplassen har vore i drift sidan 1983. Dåverande Toraneset

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Hjemmeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Miljøverk IKS fekk utsleppsløyve for Toraneset renovasjonsplass i Fylkesmannen sitt vedtak av 09.02.2000.

EU sitt deponidirektiv er som følgje av EØS-avtala implementert i norsk regelverk som kapittel 9 om deponering av avfall i avfallsforskrifta, fastsett av Miljøverndepartementet 01.06.04.

Avfallsforskrifta medfører strengare krav til etablering, drift og etterdrift av deponi, og strengare krav til klassifisering og kontroll av motteke avfall. Avfallsforskrifta § 9-16 fastset at alle avfallsdeponi seinast innan 16.07.09 skal drivast i samsvar med krava i avfallsforskrifta kapittel 9.

Avfallsforskrifta kapittel 9 stiller krav om dobbel tetting av deponibotnen m.v. hvis det ikkje er gitt unntak på grunnlag av ei miljørisikovurdering. Slikt unntak blei gitt for nåverande etappe 1 i Fylkesmannen sitt vedtak av 01.10.04.

Utsleppsløyvet omfattar deponietappe 1¹ og framtidig etappe 2 som deponi i kategori 2 (ordinært avfall). Løyvet tillet også deponering av nokre typar farleg avfall saman med ordinært avfall.

Fylkesmannen vil i eige brev varsle vedtak om einskilde endringar i utsleppsløyvet av 09.02.2000 som følgje av at kapittel C i løyvet blir erstatta av løyvet vedlagt dette brevet.

2. Utlegging av søknaden til offentlig ettersyn

I samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om handsaming av løyver etter forureiningslova, vart søknadsdokumenta lagt ut til offentlig ettersyn i fire veker i mars/april 2007. Fylkesmannen mottok ein uttale innan høyringsfristen i samband med utlegginga.

2.1 Mottekne uttaler

Haugen Vel er ei velforeining for området i nærleiken av Toraneset Miljøpark. Velforeininga har store innvendingar mot at deponiet blir utvida og drifta eventuelt forlenga. Det heiter i uttalen at naboane har store plager med lukt, forureining, tung trafikk på smal og dårleg veg, fugleplager og dyr som dreg avfall ut av deponiområdet. Vegstandarden er på ingen måte god nok for trafikken som han er i dag. Trafikken er heller ikkje avgrensa til opningstida, men pågår heile døgret. Foreininga syner også til vedtak i Vindafjord kommunestyre i 1997 der ein bad om utbetring av fylkesveg 735 før utviding av verksemda på avfallsplassen. Lukt har dei siste åra vore eit aukande problem. Velforeininga har kontakta miljøparken fleire gonger utan at tilhøva har betra seg. Også bustadfeltet i Trovåg blir plaga av lukt. Fuglar og dyr dreg avfall ut av deponiområdet og legg det att på store område utanfor miljøparken. Velforeininga syner til utsleppsløyvet av 09.02.2000 og nemner vilkår ho meiner ikkje vert overhaldne, mellom anna at ferdig kompost skal lagrast skjerma mot nedbør, at komposteringsareal under fast tak skal ha nettingvegger og at lukt frå anlegget til eikvar tid skal forekoma i så låge konsentrasjonar at omkringliggjande bustader ikkje vert nemnande sjenerte.

¹ I utsleppsløyvet av 09.02.2000 er nåverande etappe 1 kalla "nåverande etappe + alternativ 1" og framtidig etappe 2 kalla "alternativ 3".

Etter høringsfristen mottok Fylkesmannen uttale frå Vindafjord kommune. Saka vart handsama i Vindafjord formannskap i møte 25.09.07 som sak 190/07. I samrøystes vedtak heiter det at kommunen ikkje har merknader til søknaden og fortsatt drift av deponiet ved Toraneset Miljøpark. Det heiter vidare i vedtaket at omsøkt verksemd er i samsvar med gjeldande bygnings- og reguleringsføresegner for området.

Fylkesmannen mottok sommaren 2007 meldingar frå Ole Andreas Haraldseid (10.06.07) og Haugen Vel (20.06.07 og 30.06.07) om sterk og ubehageleg lukt frå miljøparken. Innsendarane syner til at drifta ved avfallsanlegget ikkje må medføra at naboane må lukke dører og vindu og halda seg innandørs i sommartida. Haraldseid meiner at Fylkesmannen må stengja anlegget om tilhøva ikkje betrar seg.

2.2 Søkjar sine merknader til mottekne uttaler

I samsvar med forureiningsforskrifta § 36-4, andre ledd, har HIM fått høve til å gi merknader til mottekne uttaler. Uttaler og meldingar nemnde under punkt 2.1 vart sendt søkjar.

Søkjar er samd i at vegen fram til Toraneset ikkje er god nok. Sjølv om vegen har vore utbetra i seinare tid er standarden framleis ikke så god som ønskjeleg. Søkjar vil følgja dette opp og arbeida for å finna fram til betre løysingar for tilkomsten.

Søkjar syner til at det på avfallsanlegget i fleire år har vore ført dagleg logg over lukt på plassen og i nærområdet. Talet på dagar det er registrert lukt vert rapportert til Fylkesmannen i driftsrapporten. Søkjar meiner det er lite sjenerande lukt frå drifta av miljøparken, men har forståing for at dette kan vera plagsamt dei dagane det er lukt. HIM meiner det er lite ein kan gjera for å hindra lukt, men gjer det ein kan innanfor det som er rimeleg. Nye krav til kva som kan deponerast vil óg medføra at deponering av vanleg restavfall vert avslutta i nær framtid. Søkjar reknar då med at hovudårsaka til sjenerande lukt etterkvart vert borte.

Søkjar er klar over at noko avfall vert spreid med vind, fuglar og dyr. Inne på avfallsanlegget vert det rydda jamnt. Minst ein gong årleg har ein óg ei hovudrydding av områda rundt miljøparken utanfor inngjerda område. Prosedyrar for dette er lagt inn i internkontrollen. Ein reknar med at mengd flygeavfall vert vesentleg mindre når deponering av restavfall vert avslutta.

3. Fylkesmannen si vurdering av mottekne uttaler

I tilknytting til uttalen frå Haugen Vel kan Fylkesmannen opplyse at det ikkje blir sett vilkår i løyver etter forureiningslova i høve til kapasiteten m.v. på offentlig vegnett. Etter Fylkesmannen si vurdering bør søkjar og kommune arbeida for, og vegstyresmaktene prioritera, utbetring eller omlegging av fylkesvegen fram til dette viktige infrastruktur-anlegget.

Fugleplage skuldast at fuglane har tilgjenge til deponert avfall. Fylkesmannen føreset at HIM følgjer opp vilkåret i løyvet om jamnleg tildekking av deponert avfall.

Luktutslepp frå avfallsanlegg kan skuldast lukt frå sjølve avfallet, utslepp av deponigass og drift av komposteringsanlegg. Fylkesmannen har óg motteke meldingar om luktplage i vinterhalvåret. Det nye løyvet inneber strengare krav til forbehandling og kontroll av avfall før deponering. Saman med komande forbod mot deponering av nedbrytbart avfall vil dette

truleg føra til mindre luktutslepp over tid. Det nye løyvet inneber vidare krav til oppsamling og utnytting av deponigass, og kontroll med diffuse utslepp av deponigass.

Komposteringsanlegget ved Toraneset Miljøpark er ikkje omfatta av det nye løyvet. Løyvet frå 2000 må endrast noko i høve til det nye løyvet, og Fylkesmannen vil i samanhang med dette vurdere drifta av komposteringsanlegget i høve til gjeldande vilkår, og om naudsynt varsle endring av vilkåra.

Fylkesmannen har ingen merknader til uttalen frå Vindafjord kommune.

4. Fylkesmannen si grunngeving for vedtaket

Avfallsforskrifta kapittel 9 om deponering av avfall medfører strengare krav til etablering, drift og etterdrift av deponi, og strengare kontroll av motteke avfall. Avfallsforskrifta § 9-16 fastset at alle avfallsdeponi seinast innan 16.07.09 skal drivast i henhald til krava i avfallsforskrifta kapittel 9.

Vedlegga til avfallsforskrifta kapittel 9 gir detaljerte føringar for korleis avfallsdeponi skal innrettast og drivast. Reglane om prosedyrer for mottak av avfall i revidert vedlegg II gjeld frå 01.07.07.

Fylkesmennene har fått i oppdrag frå Statens forureiningstilsyn (SFT) å syta for at alle deponiløyver er i samsvar med krava i avfallsforskrifta i god tid før fristen 16.07.09.

Fylkesmannen har merknader til einskilde punkt i løyvet:

4.1 Oppfylling og drift

Det er av fleire grunnar viktig at det aktive deponeringsarealet vert avgrensa så langt råd er. Verksemda må difor avgrensa areal med avfall som ikkje er tildekkta. Toraneset og andre deponi i Rogaland har vore drivne med for store åpne deponiflater, sjølv om dette har vore i strid med løyva ("det aktive fyllingsarealet skal avgrensast så mykje som den praktiske drifta tillet og skal tildekkjast dagleg"). Deponeringsteknikken må tilpassast kravet i løyvet om avgrensa deponeringsareal og tildekking.

4.2 Sigevatn

SFT har vurdert å fastsetja nasjonale retningsliner for når og korleis det bør stillast krav om reinsing av sigevatn frå deponi. Moglege krav frå Fylkesmannen og reinsing av sigevatn vil vera avhengig av resultata av overvåkingsprogrammet i dei nye løyva. Viktige moment er konsentrasjon og mengd prioriterte stoff, sigevassmengd og resipienttilhøva. Vurdering av sigevassmengd som kriterium for fastsetting av moglege reinsekrav understrekar kor viktig effektiv avskjæring av overflatevatn m.v. er for å redusera sigevassmengda.

4.3 Overvatn

Nedslagsfeltet for nåverande deponietappe 1 er lite og deponiet utgjer omlag 70 % av arealet. Framtidig etappe 2 ligg i eit oppstrøms nedslagsfelt der overflatevatnet er avskore og vert ført forbi deponiet til nedstrøms utslepp i terrenget. Utover berekingar i høve til vassbalanseregnskap er det difor ikkje sett egne krav til overvaking av overvatnet.

4.4 Grunnvatn

Nåverande etappe 1 er avgrensa mot sør og vest av tre vollar for å sikra kontroll med sigevatnet. Det framgår av vilkår 3.13.3 at grunnvatnet skal kontrollerast i fire fjellbrønner og fire brønner i lausmassar. Denne overvakinga vil kunne påvisa mogleg påverknad av sigevatn på grunnvatnet.

4.5 Resipientundersøkingar

Resipienten Ålfjorden er rimeleg djup og utan utprega tersklar nord for Toraneset. Ved Toraneset er største djupne omlag 135 meter, jamnt aukande nordover. Innanfor Haganessmedvik er det ein terskel i fjorden; utsleppspunktet for sigevassleidninga ligg på 40 meter djupne, slik at innlagingsdjupna ligg under terskelen.

Utførte resipientundersøkingar, siste gong i 2006, tyder ikkje på at deponiet ved Toraneset Miljøpark påverkar Ålfjorden negativt. Dette gjeld m.a. i høve til oksygennivå, strandsona og innhald i botnsedimenta av tungmetall og organiske miljøgifter som polyklorerte bifenyl (PCB) og polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH).

Resipientundersøkingane skal halda fram med undersøking kvart 6. år.

4.6 Tilhøvet til utsleppsløyvet av 09.02.2000

Det vedlagte løyvet erstattar kapittel C i utsleppsløyvet av 09.02.2000. Fylkesmannen vil i eige skriv varsle endringar og oppdateringar i løyvet frå 2000 som er naudsynte etter at deponidelen er teken ut.

4.7 Eigarskifte og eksterne driftsoperatørar

For å sikra ansvarleg og langsiktig eigarskap av deponiet ved Toraneset Miljøpark har Fylkesmannen fastsett vilkår om at verksemda ikkje kan overdrast til nye eigarar utan skriftleg førehandsgodkjenning av Fylkesmannen.

For å sikra klare ansvarstilhøve ved drifta har Fylkesmannen vidare fastsett vilkår om at drifta av verksemda ikkje kan setjast ut til eksterne driftsoperatørar.

4.8 Konklusjon

Nytt løyve til deponiet ved Toraneset Miljøpark er naudsynt på grunn av krav fastsett i forskrift og vil føra til betre kontroll med mottak og deponering av avfall.

5. Vedtak

Med heimel i forureiningslova § 11, jf §§ 16 og 29, jf avfallsforskrifta kapittel 9 om deponering av avfall, vert Toraneset Miljøverk pålagd å sørgje for at følgjande tiltak i det vedlagde utsleppsløyvet blir gjennomført innan fastsette frister:

Tiltak	Vilkår i løyvet	Frist
Gjennomført evaluering av gassuttak	3.7	01.01.2009
Innsending evalueringsrapport gassuttak	3.7	01.01.2009
Utarbeida revidert driftsplan	3.10.2	01.01.2009
Framlegge plan for avslutting og etterdrift	3.11	Seinast 1,5 år før avslutting av avfallsdeponering

Etablere finansiell garanti	3.12	01.01.2009
Oversikt over deponiet si utvikling	3.13.1	Årleg
Utarbeida vassbalanserekneskap	3.13.1	Årleg
Utvida prøvetaking, første gong	3.13.3	Innan juni 2009
Gjennomføring av miljøkontroll for sigevatn og grunnvatn	3.13.3	I henhold til tabellar
Undersøking sjøresipient	3.13.3	Kvart 6. år, neste gong 2012
Innsending eigenrapport	3.14	1. mars kvart år
Øving vernebuving akutt forureining	5.1	Minimum årleg
Varsling akutt forureining eller fåre for akutt forureining	5.2	Snarast råd

6. Ansvarstilhøve m. v.

HIM er ansvarleg for at deponiet blir drive i samsvar med løyvet.

Løyvet frittek ikkje HIM for innhenting av andre løyve for andre delar av verksemda på Toraneset Miljøpark. Løyvet frittek ikkje den ansvarlege for erstatningskrav etter allmenne erstatningsreglar, jf forureiningslova § 10, 2. ledd og kapittel 8.

7. Rett til klage

Dette løyvet kan påklagast til Statens forureiningstilsyn (SFT) innan tre veker frå melding om avgjerda er motteken. Mogleg, grunngjeven klage skal stilast til SFT, og vert å senda Fylkesmannen i Rogaland.

Kopi av løyvet blir sendt partar i samsvar med vedlagte adresseliste.

8. Fastsetjing av riskikoklasse

Med verknad frå 01.01.07 har Miljøverndepartementet endra forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassa for forureiningsstyresmaktene sitt arbeid med løyver og kontroll etter forureiningslova.

Endringane medfører at verksemder nå må betale gebyr uavhengig av om det er SFT eller Fylkesmannen som kontrollerer dei eller gir løyve. Det vil også verta kravd gebyr frå verksemder som har kommunen som eigar.

Gebyrtsatsen som den einskilde verksemda skal betala er avhengig av kva type aktivitet styresmakta gjennomfører, dvs. om det er nytt løyve, endring av løyve, kontroll eller systemrevisjon. (Søknad om vidare drift av deponiet ved Toraneset Miljøpark var sendt inn før gebyrreglane i forureiningsforskrifta vart endra, HIM skal difor ikkje betala gebyr for sakshandsaminga.)

Gebyrtsatsen avheng vidare av kva for risikoklasse verksemda er plassert i.

Fastsetjing av risikoklasse for Toraneset Miljøpark er basert på omfanget av verksemda, plassering i høve til resipientar og type verksemd.

Vedtak

Fylkesmannen set Toraneset Miljøpark i risikoklasse 2, med heimel i forureiningsforskrifta § 39-6.

Klagerett

Vedtaket om fastsetjing av risikoklasse kan i henhold til forureiningsforskrifta § 41-5 påklagast til SFT innan 3 veker frå melding om avgjerda er motteken. Mogleg, grunngjeven klage skal stilast til SFT og vert å senda Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
fung. fylkesmiljøvernssjef

Einar Haualand
fung. ass. fylkesmiljøvernssjef

Saksbehandlar: Einar Haualand
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 25
E-post: einar.haualand@fmro.no

Vedlegg:

Løyve til Haugaland Interkommunal Miljøverk etter forureiningslova for deponiet ved Toraneset Miljøpark.

Kopi (med vedlegg) til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 Bergen
Jan Gunnar Frøyland		5574 Skjold
Margit Johanne Håkull		5574 Skjold
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001 Stavanger
Sveio kommune	Postboks 40	5559 Sveio
Tollregion Vest-Norge	Postboks 1893-195 Nordnes	5817 Bergen
Brynhild Lie	Glads vei 37	0489 Oslo
Mattilsynet, felles postmottak	Postboks 283	2381 Brumunddal
Ålfjordens Venner v/Egil Sundve	Sjåberg 5	5516 Haugesund
Rita og Jon Audun Antonsen	Rossabøjordet 4	5538 Haugesund
Statens forureiningstilsyn	Postboks 8100 Dep.	0032 Oslo
Asbjørn Alendal		5574 Skjold
Vindafjord kommune		5580 Ølen
Fiskeridirektoratet Region Sør	Postboks 286	4379 Egersund
Karl L. Frøyland		5574 Skjold
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103 Tønsberg
Ole Andreas Haraldseid	Haraldseidvågen	5574 Skjold
Fiskarlaget Vest	Postboks 4091 Dreggen	5835 Bergen
Judith Håkull		5574 Skjold
Haugen Vel v/Tine Eliassen	Haraldseidvågen	5574 Skjold



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Løyve til Haugaland Interkommunale Miljøverk etter forureiningslova

for

deponiet ved Toraneset Miljøpark

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 (forureiningslova) § 11, jf §§ 16 og 29, jf forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 9 om deponering av avfall § 9-7.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysingar gitt i søknad av 22.02.05 og opplysingar framkomne ved handsaming av søknaden. Vilkåra framgår av dei etterfølgjande sidene.

Med heimel i forureiningslova § 18 erstattar dette løyvet:

- Kapittel C i utsleppsløyve for Toraneset renovasjonsplass av 09.02.2000.
- Utsleppsløyve for mottak og deponering av spesialavfall av 29.05.01 med endring av 20.08.01.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Verksemda må på førehand avklara skriftleg med Fylkesmannen endringar ho ønskjer å gjera i høve til opplysingar gitt i søknaden eller under sakshandsaminga, og som kan ha miljømessig verknad.

Verksemdsdata

Verksemd	Toraneset Miljøpark
Ansvarleg	Haugland Interkommunale Miljøverk
Stad/gateadresse	Toraneset, Haraldseid
Gårds- og bruksnr	Gnr. 151, bnr. 12, 16, 18 og gnr. 162, bnr. 110, Vindafjord
Postadresse	5574 Skjold
Kommune og fylke	1160 Vindafjord i Rogaland
Org. nummer (bedrift)	970 919 910

NACE-kode og bransje	90.020 Innsamling og håndtering av annet avfall
NOSE-kode	109.04.04 Land filling
Deponikategori ¹	Kategori 2 for ordinært avfall
Kategori for verksemda ²	5.4. Fyllplass som mottar over 10 tonn per dag, eller som har en samlet kapasitet på over 25 000 tonn, med unntak av fyllplasser for inert avfall.

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Risikoklasse ³
03/9138 471	1154.008.01	2

Løyve gjeve: 10.06.2008	Endringsnummer:	Sist endra:
Marit Sundsvik Bendixen fung. fylkesmiljøvernssjef	Einar Haualand fung. ass. fylkesmiljøvernssjef	

¹ Jf avfallsforskrifta kapittel 9, § 9-5

² Jf forureiningsforskrifta kapittel 36, vedlegg 1 om behandling av tillatelser etter forureiningsloven.

³ Jf forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter forureiningsloven.

Innhald

1. RAMMER.....	4
2. GENERELLE VILKÅR.....	4
2.1 UTSLEPPSAVGRENSINGAR	4
2.2 PLIKT TIL Å REDUSERA FORUREINING SÅ LANGT RÅD ER	4
2.3 TILTAK VED AUKA FARE FOR FORUREINING	4
2.4 INTERNKONTROLL.....	4
3. SÆRSKILDE VILKÅR FOR DEPONERING AV AVFALL.....	5
3.1 AVFALL SOM KAN DEPONERAST	5
3.2 BEHANDLING AV AVFALL FØR DEPONERING	5
3.3 SÆRSKILDE KRAV TIL DEPONERING AV VISSE AVFALLSTYPAR	5
3.4 REGISTRERING OG KONTROLL VED MOTTA AV AVFALL	6
3.5 VERN AV JORD OG VATN	6
3.5.1 Tiltak for å redusera mengd sigevatn.....	6
3.5.2 Tiltak mot utlekking av sigevatn.....	7
3.6 HANDTERING AV SIGEVATN.....	7
3.7 DEPONIGASS.....	7
3.8 NÆRMILJØTILTAK.....	8
3.8.1 Generelt.....	8
3.8.2 Støy.....	8
3.8.3 Inngjerding, port og skilting	8
3.9 MELLOMLAGRING AV AVFALL.....	9
3.10 OPPFYLLING OG DRIFT	9
3.10.1 Oppfylling.....	9
3.10.2 Drift.....	9
3.11 ENDELEG AVSLUTTING OG ETTERDRIFT	10
3.12 FINANSIELL GARANTI OG KOSTNADSDEKKING	10
3.13 KONTROLL OG OVERVAKING	10
3.13.1 Oversikt over deponiet si utvikling og vassbalanse.....	10
3.13.2 Meteorologiske data.....	11
3.13.3 Overvaking av sigevatn og grunnvatn.....	11
3.13.4 Overvaking av deponigass.....	12
3.14 RAPPORTERING.....	13
4. ENERGI.....	13
4.1 ENERGISTYRINGSSYSTEM.....	13
4.2 UTNYTTING AV OVERSKOTSENERGI	13
5. FØREBYGGING OG VERNEBUINGSTILTAK MOT AKUTT FORUREINING.....	13
5.1 ETABLERING AV VERNEBUING	13
5.2 VARSLING AV AKUTT FORUREINING.....	13
6. EIGARSKIFTE	14
7. TILSYN	14
VEDLEGG	15

1. Rammer

Løyvet gjeld deponi på Toraneset i Vindafjord kommune for ordinært avfall, samt farleg avfall som kan deponerast saman med ordinært avfall, jf vilkår 3.1.

Løyvet er basert på eit attverande samla fyllingsvolum (nåverande etappe 1⁴ og ny etappe 2) på omlag $139\ 000\ m^3 + 130\ 000\ m^3 = 269\ 000\ m^3$ (inklusive dekkmassar) og berekna avslutting av deponiet innan år 2020.

Løyvet omfattar også avfall som ikkje er farleg avfall mellomagra til andre formål enn deponering, jf vilkår 3.9.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utslippskomponentane frå verksemda som ein reknar har størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom særlege vilkår i dette løyvet sitt vilkår 3. flg. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysingar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga eller må reknast å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegget. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom dette framgår uttrykkeleg av vilkåra i vilkår 3 flg., eller dei er så små at dei må reknast å vera utan miljømessig verknad.

2.2 Plikt til å redusera forureining så langt råd er

All forureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønskja. Verksemda pliktar å redusera utsleppa sine, óg støy og lukt, så langt råd er utan urimelege kostnader. Denne plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett særlege grenser for. Dette gjeld særskilt for utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegget til dette løyvet.

2.3 Tiltak ved auka fare for forureining

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setja i verk tiltak som er naudsynte for å fjerna eller redusera den auka faren for forureining, og om naudsynt å redusera eller innstilla drifta.

Verksemda skal så snart råd er informera Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få verknad for forureining frå anlegget. Akutt forureining skal varslast iht. vilkår 5.2.

2.4 Internkontroll

Verksemda pliktar å ha internkontroll for anlegget og drifta i henhold til gjeldande forskrift⁵. Internkontrollen skal mellom anna sikra og dokumentera at verksemda overheld krava i dette

⁴ I utsleppsløyvet av 09.02.2000 er nåverande etappe 1 kalla "nåverande etappe + alternativ 1" og framtidig etappe 2 kalla "alternativ 3".

⁵ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996

Løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og aktuelle forskrifter med heimel i desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføra forureining og ha kunnskap om risikotilhøva.

3. Særskilde vilkår for deponering av avfall

3.1 Avfall som kan deponerast

Løyvet omfattar deponering av avfall som oppfyller mottakskriteria i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II (om karakterisering og kriterier for mottak av avfall), for ordinært avfall og farleg avfall som kan samdeponerast med ordinært avfall.

Ordinært avfall:

- restavfall frå hushaldningar
- restavfall frå næringsverksemd

Avfall som er nemnt i avfallsforskrifta § 9-4 (forbod mot deponering av visse avfallstypar) skal ikkje deponerast.

Farleg avfall:

- avfall frå sandblåsing som inneheld farlege stoff (EAL 120106)
- kassert utstyr som inneheld fri asbest (EAL 160212)
- asbesthaldige isolasjonsmaterial (EAL 170601)

Område med deponert farleg avfall skal vera fysisk avgrensa frå anna avfall og merka.

Mengd motteke farleg avfall for deponering skal vurderast i høve til påverknad av sigevatnet sin kvalitet.

3.2 Behandling av avfall før deponering

Alt avfall skal vera behandla før deponering, jf avfallsforskrifta § 9-6.

Det skal ikkje deponerast avfall som lett kan materialgjenvinnast. Dette gjeld mellom anna avfall som er omfatta av etablerte retur- og gjenvinningsordningar, og alt avfall som kan gjenvinnast etter avtaler som er inngått mellom miljøstyremaktene og bransjeorganisasjonar.

3.3 Særskilde krav til deponering av visse avfallstypar

For deponering av avfall frå sandblåsing som inneheld farlege stoff syner ein til avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, punkt 2.3.1 og 2.3.2.

For deponering av asbesthaldig avfall m.v. syner ein til avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, punkt 2.3.3.

3.4 Registrering og kontroll ved mottak av avfall

Alt avfall til deponering skal registrerast, loggførast og vegast før deponering, jf avfallsforskrifta § 9-12. Registreringa skal vera tilpassa styresmaktene sine krav til rapportering.

Det skal gjennomførast kontroll av alt motteke avfall. Kontrollen skal avdekka om forskrifta sine reglar om behandling av avfallet er oppfylt før deponering, og om innhaldet i avfallet er i strid med løyvet.

Mottakskontrollen skal minimum følgje krava fastsett i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, jf avfallsforskrifta § 9-11.

Prøvetaking og analyse av avfallet skal gjennomførast i samsvar med reglane i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, punkt 3. Verksemda pliktar å gjennomføra stikkprøvekontroll utover dette dersom det føreligg mistanke om at avfall som nokon ønskjer å depona kan innehalda farleg avfall eller anna avfall i strid med avfallsforskrifta kapittel 9 og dette løyvet.

Det vert understreka at dersom avfallet er ført opp i den europeiske avfallslista⁶ med avfallskodar for både farleg og ikkje-farleg avfall (spegelinngangar) skal avfallsprodusenten, jf avfallsforskrifta § 9-2 bokstav o, dokumentera klassifiseringa avfallet skal ha.

Dersom det vert oppdaga avfall som ikkje er tillate å deponera, eller dokumentasjonen frå avfallsprodusenten ikkje er tilstrekkeleg for å vurdere dokumentasjonen i høve til mottakskriteria, eller dokumentasjon manglar, skal avfallet avvisast for deponering.

Avfall som er avvist for deponering kan likevel handterast på anlegget i samsvar med reglane i dette løyvet (og gjeldande delar av løyvet av 09.02.2000) eller avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 2 før vidarelevering til godkjend mottak.

Dersom verksemda vel å handtera avvist avfall påtar ho seg ansvar som avfallsprodusent for det avviste avfallet.

All avvising av avfall skal meldast til Fylkesmannen, jf avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, punkt 1.4.

Journal for stikkprøvekontrollar med kopiar av analyserapportar skal oppbevarast i samsvar med reglane i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, punkt. 1.4.

3.5 Vern av jord og vatn

3.5.1 Tiltak for å redusera mengd sigevatn

Minst mogleg sigevatn skal dannast i deponiet utover den vassmengda som trengst for å oppretthalda ein optimal gassproduksjon. Det skal vera størst mogleg oppsamling av det sigevatnet som likevel oppstår.

⁶ Avfallsforskrifta, kapittel 11, vedlegg I

Verksemda skal ha kontroll med innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn, og om naudsynt setja i verk tiltak for å redusera inntrenging av vatn til deponiet. Reint overflatevatn frå tilgrensande areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje tilførast sigevassnett, men leiast separat utanom deponiet.

Oppsamling av sigevatn og verknad av tiltak for å redusera vassinntrenging til deponiet skal dokumenterast gjennom overvakingsprogrammet og berekningar av vassbalansen.

3.5.2 Tiltak mot utlekking av sigevatn

Alle nye deponietapper som vert etablert etter 16.07.2009 skal oppfylle krava til dobbel botntetting i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg I, punkt 3.2 og 3.3, jf punkt 3.4.

Det er ein føresetnad at dei metodane som vert nytta for å stetta kravet til botntetting kan vurderast som beste tilgjengelege teknikkar (BAT).

For nåverande deponietappe 1 på Toraneset har Fylkesmannen innvilga dispensasjon frå kravet til dobbel botntetting i vedtak av 01.10.2004.

3.6 Handtering av sigevatn

Sigevatn frå alle deponiområde som vert nytta til deponering av avfall, og avslutta deponiareal, skal samlast opp og leiast til utslepp i sjø. Oppsamlingssystemet skal vedlikehaldast etter fastsette rutiner for å hindra tilgroing og tilstopping.

Verksemda pliktar å etablere enkle reinseløysingar for sigevatn dersom gjennomgang av overvakingsresultata syner at dette kan betra utsleppskvaliteten.

3.7 Deponigass

Deponigass skal samlast opp for energiutnytting, alternativt fakling, frå alle celler i deponiet med signifikant gassproduksjon, både i drifts- og etterdriftsperioden. Oppsamlingsanlegget skal dimensjonert, byggjast og drivast slik at ein oppnår eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa storleiken på deponiet og forventa/berekna gasspotensial. Mogleg stans i gassoppsamling må godkjennast skriftleg av Fylkesmannen på førehand.

Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass etter fastsette rutiner. Verksemda skal óg ha regelmessig kontroll av effektiviteten til gassuttakanlegget, og om naudsynt setja i verk avbøtande tiltak.

Innan 01.01.2009 skal verksemda ha gjennomført ei evaluering av effektiviteten til det eksisterande gassuttaket og ha vurdert trong for oppgraderingstiltak. Denne fristen gjeld óg for vurdering av potensial for nye energiføremål eller energiutnytting av deponigassen. Evalueringsrapporten skal sendast Fylkesmannen innan 01.03.2009.

Oppsamling, handsaming og utnytting av deponigass skal utførast på ein slik måte at det ikke medfører helse- eller miljøfare.

3.8 Nærmiljøtiltak

3.8.1 Generelt

Verksemda skal utarbeida driftsrutinar som sikrer at nærmiljøulempene som følgje av deponidrifta vert redusert til eit minimum.

Ein skal unngå spreiding av flygeavfall så langt råd er, mellom anna ved oppsetting av gjerde eller fangnett med tilstrekkeleg høgd. Om naudsynt må verksemda sørge for jevnleg opprydning på anlegget og i tilgrensande områder.

Det skal utarbeidast eige program for redusera plage frå skadedyr og fuglar.

Mengd av lukt og støv frå deponiet skal til eikvar tid vera så lita at bustad- og hytteområde og friluftsområde ikke blir nemnande sjenert. Om naudsynt må lukt- og støvreduserande tiltak setjas i verk straks. Moglege klager på lukt og støv skal loggførast saman med ei utgreiing av kva for tiltak som er iverksett på grunnlag av klagen.

Kjøretøy som har vore i kontakt med avfall skal til vanleg vaskast før dei forlet miljøparken.

3.8.2 Støy

Verksemda sitt tilskot til utandørs støy ved omkringinggjande bustader, hytter m.v. skal ikkje overskrida følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl.19-23) $L_{pAekv4h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Natt (kl. 23-07) L_{A1}
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sin vanlege aktivitet, medrekna intern transport på anleggsområdet og lossing/lasting av avfall. Støy frå midlertidig byggje- og anleggsverksemd og frå vanleg persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Deponiet har løyve til drift mandag-fredag på vanleg dagtid, jf vilkår 3.4 om krav til registrering og kontroll ved motteke avfall. Kravet til driftstid omfattar ikkje transport til og frå anlegget.

3.8.3 Inngjerding, port og skilting

Avfallsanlegget skal vera inngjerda med minst 2 meter høgt stålflettegjerde. Utanom åpningstid skal avfallsanlegget vera stengt og låst. Ved inngangspartiet skal det vera tydeleg skilt som opplyser om åpningstider.

Beitedyr skal hindrast tilgjenge til anlegget.

3.9 Mellomlagring av avfall

Med unntak av avfall motteke i samsvar med vilkår 3.3 i dette løyvet er det tillate å mellomlagra ordinært avfall i påvente av ekstern disponering, intern bruk eller deponering.

Fraksjonar skal lagrast separat og vera overdekka eller innpakka etter trong for å unngå flygeavfall og støvulemper.

Areal for mellomlagring av avfall skal ha fast dekke og innrettast slik at arealet ikke vert tilført overflatevatn frå tilgrensande areal. Mogleg forureina overvatn frå dette arealet skal leiast til deponiet sitt sivevassnett.

Mellomlagring av farleg avfall skal som minimum finna stad under tak og på fast dekke. Impregnert trevirke kan lagrast utandørs, men slik at avrenning frå avfallet kan samlast opp og leiast til deponiet sitt sivevassnett.

Mellomlager av hage- og parkavfall og sortert trevirke skal sikrast mot sjølvtenning og brann.

3.10 Oppfylling og drift

3.10.1 Oppfylling

Utforminga av deponiet skal syta for at stabiliteten i deponert avfall og tilknytta strukturar vert sikra.

Avfallet skal deponerast i celler slik at det arealet som er i bruk blir så lite som råd er. Kvar celle skal avsluttast og overdekkjast før ein byrjar fylling i ei ny celle.

Så lenge det vert deponert nedbrytbart avfall på deponiet, eller tidligare deponert avfall i same celle bidreg til å oppretthalda gassproduksjon, skal oppfyllinga og drifta leggja til rette for ei best mogleg oppsamling og handtering av deponigass.

Deponert avfall skal komprimerast minimum same dag og deponiceller i bruk skal tildekkjast etter trong, men minimum kvar veke.

Såvel komprimeringsgrad som frekvens på tildekkjing av avfallet skal tilpassast avfallstype i høve til risiko for miljøulemper (til dømes fugleplage), verknad på deponiet sin gassproduksjon og klimatiske tilhøve, og framgå av verksemda sine driftsrutiner.

Massar som vert nytta til førebels tildekking av avfallet skal vera egna til føremålet. For å hindra danning av tette barrierar for vassgjennomstrømning nede i deponiet, må massane ha høg permeabilitet.

Det skal årleg gjennomførast registreringar og utbetringar av setningar i deponiet både under aktiv drift og i etterdriftsfasen.

3.10.2 Drift

Det skal vera etablert prosedyrer og rutiner for drift, vedlikehald, kontroll og overvaking av

deponiet i driftsfasen. Disse prosedyrene skal sikra at krava i avfallsforskrifta og dette løyvet vert haldne.

Verksemda skal utarbeida revidert driftsplan innan 01.01.2009.

Fylkesmannen skal varslast om moglege endringar i oppfyllinga av deponiet i høve til oppfyllingsplanen vedlagt søknaden.

Brenning av avfall på deponiområdet er ikkje tillate.

3.11 Endeleg avslutting og etterdrift

Når omsøkt deponivolum er utnytta eller løyvet ikkje lenger er gyldig, skal deponiet avsluttast med mindre det etter søknad vert gjeve løyve til å utvida deponiet. Verksemda har også ansvar for etterdrift av anlegg og installasjonar i minst 30 år etter avslutting.

Seinast 1,5 år før deponering av avfall vert avslutta, skal verksemda leggja frem ein plan for endeleg avslutting og etterdrift. Planen skal mellom anna omfatta eit revidert overvåkingsprogram for vatn og deponigass i etterdriftsfasen og samstundes visa endeleg utforming og etterbruk av deponiet. Planen må ta høgde for etterfylling p.g.a. setningar og fortsatt drift av anlegg for handsaming av gass og sigevatn.

Deponiet skal i størst mogleg grad gjerast ufarleg i løpet av drifts- og etterdriftsperioden ved at så mykje deponert organisk avfall som råd er vert nedbrote med optimal produksjon av deponigass og minst mogleg utslepp av sigevatn.

Før deponiet vert avslutta og lukka, skal Fylkesmannen varslast. Fylkesmannen skal gjennomføra ein sluttinspeksjon på deponiet før det vert avslutta i henhold til avslutningsplanen. På bakgrunn av sluttinspeksjonen kan Fylkesmannen fastsetja ytterlegare vilkår for avslutting og etterdrift.

Deponiet kan ikkje nyttast til bustader før etterdriftsfasen er over.

3.12 Finansiell garanti og kostnadsdekking

Verksemda skal innan 01.01.2009 ha etablert ein tilfredsstillande finansiell garanti eller anna tilsvarande ordning for deponiet for å sikra at forplikingane som følgjer av dette løyvet, herunder krava til naudsynte tiltak i avslutnings- og etterdriftsfasen, kan oppfyllest, jf avfallsforskrifta § 9-10.

Forslag til form og storleik på den finansielle garantien, skal oversendast Fylkesmannen på førehand.

3.13 Kontroll og overvaking

3.13.1 Oversikt over deponiet si utvikling og vassbalanse

Verksemda skal årleg laga ei oversikt over deponiet si utvikling som syner areal med deponert avfall, avfallsvolum og avfallsamansetnad, deponeringsmetodar, og deponiet sin attverande

kapasitet.

På bakgrunn av resultat frå øvrig overvaking, skal verksemda utarbeide ein vassbalanse-rekneskap for siste kalenderår.

3.13.2 Meteorologiske data

Meteorologiske data som er naudsynte for å utarbeida vassbalanserekneskap m.v. skal samlast inn på deponiet.

3.13.3 Overvaking av sigevatn og grunnvatn

Verksemda skal ha eit overvakingssystem for sigevatn og grunnvatn i henhold til avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg III og SFT sin rettleiar TA 2077/2005 (eller seinare utgåver).

Minimum parameterval for sigevatn og sigevatnsediment framgår av SFT-retteiaren, tabell 2. Utvida prøvetaking skal utførast første gong innan 12 månader etter at løyvet byrjar å gjelda. Overvakinga skal kunne avdekkja moglege lekkasjar av sigevatn eller endringar i tilføring av vatn til deponiet.

For sigevatn skal det takast blandprøvar som er representative for den gjennomsnittlege samansetjinga i perioden sidan forrige prøvetaking.

Prøvtaking og analysar skal utførast etter Norsk Standard, eller annan kjend standard dersom Norsk Standard ikkje finst.

Minimumskrav til prøvetakings- og analysefrekvens i deponiet sin driftsfase framgår av tabellen:

Overvakingstema	Frekvens
Sigevassmengd	Kontinuerleg
Sigevatnet og sigevatnsedimentet si sammansetjing	I samsvar med SFT- rettleiar, tabell 2
Grunnvatn nivå	Sjå tabellar nedanfor
Grunnvatnet si samansetjing	Sjå tabellar nedanfor

Overvaking av grunnvatn (minimumsprogram)

Brønner i fjell: GV-fjell 5 (referanse) + GV-fjell 1, GV-fjell 2, GV-fjell 3

Parameter*	Forkorting	Minste frekvens
Surleiksgrad	pH	To gonger årleg
Leiingsevne	mS/m	”
Total organisk karbon	TOC	”

Total nitrogen	N-tot	”
Ammonium-N	NH ₃ /NH ₄ ⁺	”
Total fosfor	P-tot	”
Metallpakke	Fe, Cd, Cr, Cu, Hg, Mn, Ni, Pb, Zn	”
Nivå grunnvatn		”

*Kvantifiseringsgrenser som for analyse av sivevatn.

Brønner i lausmassar: GV5 (referanse) + GV1, GV2 og GV3

Parameter*	Forkorting	Minste frekvens
Surleiksgrad	pH	Kvart kvartal
Leiingsevne	mS/m	”
Total organisk karbon	TOC	”
Total nitrogen	N-tot	”
Ammonium-N	NH ₃ /NH ₄ ⁺	”
Total fosfor	P-tot	”
Metallpakke	Fe, Cd, Cr, Cu, Hg, Mn, Ni, Pb, Zn	”
Monosykliske aromat	BTEX	To gonger årleg
Nivå grunnvatn		Kvart kvartal

*Kvantifiseringsgrenser som for analyse av sivevatn.

Grunna lite nedslagsfelt er det ikkje fastsett eige krav til overvaking av overflatevatn.

Overvaksingsprogrammet skal verifisera avgrensinga av deponiet sitt påverknadsområde.

Det er verksemda som har ansvaret for å sjå til at overvaksingsprogrammet er tilstrekkeleg til å avdekka moglege uakseptable utslepp frå deponiet til omgjevnadene.

Verksemda er pliktig til å syta for at resultatane av samla overvaking vert vurdert av fagleg sakkunnig. Dersom vurderingane syner at det er trong for tiltak for å overhalda krava i dette løyvet, er verksemda også pliktig til så snart som råd er å utbetra tilhøva.

Ei årlig samanstilling og vurdering av overvaksingsresultata skal kunna visast fram for forureiningsstyresmakta på førespurnad.

Sjøresipienten skal undersøkjast kvart 6. år, neste gong i 2012.

3.13.4 Overvaking av deponigass

Det skal gjennomførast regelmessig kontroll av gassproduksjon og gasslekkasje frå deponioverflata tilpassa deponiet sitt innhald av biologisk nedbrytbart avfall. Overvakinga skal vera representativ for kvar deponicelle. Frekvens og metodikk skal framgå av overvaksingsprogrammet og minimum tilfredsstillande krava i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg III, og vilkår 3.7.

Uttak av deponigass og innhald av metan skal målast kontinuerleg. Overvakinga av deponigassuttaket skal for øvrig tilpassast krava til rapportering, jf vilkår 3.14.

3.14 Rapportering

Resultat av registrering og kontroll av motteke avfall samt overvakingsdata i henhold til vilkår 3.13 skal rapporterast til forureiningsstyresmakta i samband med den årlege eigenrapporteringa med frist 1. mars, jf § 9-13 i avfallsforskrifta og på den forma som forureiningsstyresmakta fastset.

For rapportering av farleg avfall skal EAL-kodar nyttast, for anna avfall skal NS9431 nyttast.

Med omsyn til deponigass, skal minst følgjande rapporterast:

- Antal driftstimar for anlegget siste år
- Mengd gass oppsamla
- Volumprosent metan i gass
- Mengd metan til fakling
- Mengd metan til mogleg varme
- Mengd metan til mogleg elektrisitet

Rapporten skal óg innehalda ei vurdering av resultata og trong for tiltak.

4. Energi

4.1 Energistyringssystem

Verksemnda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast iverk for å oppnå mest mogleg energieffektiv drift ved anlegget. Energistyringssystemet skal inngå i verksemnda sin internkontroll, jf vilkår 2.4.

4.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemnda skal i størst mogleg grad utnytta overskotsenergi frå eksisterende og nye gassanlegg.

5. Førebygging og vernebuingstiltak mot akutt forureining

5.1 Etablering av vernebuing

Verksemnda skal på bakgrunn av ein risikoanalyse og iverksette risikoreduserande tiltak, om naudsynt, etablera og vedlikehalda vernebuing mot akutt forureining. Vernebuinga skal vera tilpassa den miljørisikoen som verksemnda utgjer. Vernebuing mot akutt forureining skal øvast minimum ein gong kvart år.

5.2 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fære for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁷. Verksemnda skal óg så snart som råd er gi melding til Fylkesmannen ved slike høve.

⁷ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992

6. Eigarskifte

Verksemda kan ikkje overdrast til ny eigar utan skriftleg førehandsgodkjenning av Fylkesmannen.

Drifta av verksemda kan ikkje setjast ut til eksterne driftsoperatørar, jf forureiningslova § 29, første ledd.

7. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som denne gjev mynde, å føra tilsyn med anlegget til eikvar tid.

- §§§ -

VEDLEGG

Liste over prioriterte stoff, jf punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette framgår uttrykkeleg av vilkåra i pkt. 3 flg. eller dei er så små at dei må reknast å vera utan miljømessig verknad.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Kobber og kobberforbindelser	Cu og Cu-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

	Vanlige forkortelser
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclohexan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Klorholdige organiske forbindelser	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tetrakloretan	PER

Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Trikloretan	TRI
Muskylener (nitromuskforbindelser):	
Muskxylen	
Muskketon	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Perfluor oktylsulfonat og andre perfluoreerte alkylsulfonater	PFOS, PFAS
Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT